

God dag i Norway Cup.

01.08.2017



Uskedalsjubel etter siger.

Det vart ein god dag i Norway Cup for laga der uskedelingar er involvert då gruppesspelet vart avslutta i dag. Då resultata var klare med 2 tap og 3 sigrar, resulterte det i 3 lag til A-sluttspel og 2 lag i B-sluttspel. No vert det vinn eller forsvinn med svært spennande kampar framover.

G13: Uskedal - Bergen Nord 4-2.

Etter ein roleg dag på gutane, med 'foto-shoot' og avslapping, møtte dei Bergen Nord på Ekeberg. Gutane viste nok ein gong at dei kan spela fotball og gjekk til pause med 2-0 leiing med scoringer av Kristian Øvstebø og Mathias N. Børve. Det skal og seiast at laget brente ein straffe etter berre 2 minuttspel.

I andre omgang kom Bergens-laget litt meir med i spelet og scora to gonger, men det gjorde og Mathias Børve for Uskedalen. Laget kunne dermed gå av banen med løfta hovud og 4-2 seier. Ein meget god kamp med kjempeinnsats av alle mann.

Ein flott avslutning på puljespelet, og onsdag kl.9.00 møter dei Sotra i B-sluttspel.

G14: Rosendal/Uskedal - Ellingsøy 1-2

Dermed gjekk laget til A-sluttspel som nr.2 i pulja. Onsdag kl.10.20 møter dei Bergsøy, og denne kampen vert sendt som Tv-kamp på TV2 Sportskanalen. Då bør vi setja oss framfor TV'en og heia på gutane. Ole Haukanes Eik, Jonathan Taranger, Jostein Soldal og Kristoffer Hauge spelar på dette laget.

G15/16: Skjold - Rosendal/Uskedal 3-0

Dette laget består av berre 15-åringar dei har møtt gutter som var både eitt og to år eldre i og med at kvart lag i denne klassen kan ha med 3 17-åringar. Laget spela ein bra kamp, og held no fram i B-sluttspel. Der møter dei Klementsrud kl.8.00 onsdag morgen.



J15/16: Laga ønskjer kvarandre lukketil vidare i turneringa.

J15/16: Skåla IL, Hjelseth-Kleive/Skåla - Rosendal/Uskedal 0-3.

Det vert rapportert at jentene gjorde nok ein god kamp, og Ina Sandvik, Guro Leganger og Silje Soldal scora måla. Med denne sigeren vart dei nr.2 i pulja og er dermed klare for A-sluttspel. Der møter dei Snøgg kl.11.15 onsdag. Jentene på laget er også 15 år, og møter eldre spelarar til liks med guttelaget.

G15/16(7`ar): Bekkelaget 2 - Rosendal/Uskedal 2-5.

Dette laget vann pulja si, og dei skal dermed spela A-sluttspel. Dei møter Nordreisa kl.13.15 onsdag.

J13 laget til Rosendal skal spela B-sluttspel, men har spelefri fram til torsdag.

Vi ønskjer laga lukke til i sluttspelkampane.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Endre Myklebust og Tor Gundersen.